



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Beate Helland, 5557 2215

Vår dato
25.09.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/895 730
Dykkar referanse

Til kommunar i Hordaland som har vedtatt
kommunesamanslåing

Nytt tilskot til kompetansetiltak for tilsette i kommunar som har vedtatt kommunesamanslåing

Som følge av Stortingets behandling av revidert nasjonalt budsjett (RNB) har fylkesmannen fått melding om nytt tilskot til kompetansetiltak for tilsette i omsorgsyрке/tenester i kommunar som har vedteke samanslåing, jamfør kap. 761, post 60.

Helsedirektoratet arbeider med å utvikle eit tilskotsregelverk som skal godkjennast av Helse- og omsorgsdepartementet. Det nye tilskotet må sjåast i samanheng med tildelinga i kompetanse- og innovasjonstilskotet (kap. 761 post 68). Av den grunn vert det lagt færre krav til utforming av søknader frå kommunane det gjeld. Kravet for å motta tilskotet er at midlane skal gå til kompetansehevande tiltak for tilsette i omsorgstenesta.

Det er tilstrekkeleg at kommunen sender ein kortfatta søknad i form av ein e-post om at de søker det nye tilskotet. Søknaden må gjelde aktuelle kompetansetiltak for tilsette i helse- og omsorgstenestene.

Tilskotet er på 125 000 kr per kommune (før samanslåing). Beløpet som er sett av til dette i RNB for 2017 er uavhengig av tidsplan for samanslåinga.

Søknadsfrist er 20. oktober 2017. E-posten sendes til fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Med helsing

Sjur Lehmann
ass. fylkeslege/seksjonsleiar helse

Beate Helland
rådgyvar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.